



Denne dagen er ein viktig dag på skulen - det er sykkel- og trafikkdagen! Elevrådet ved Hilde Bringedag står bak opplegget som omfattar alle klassane med unnatak av sjuande. Dei trener i staden for Tinstafetten i morgon. Dei 3 første klassane brukar beina og lærar korleis dei skal ferdast i trafikken. Dei andre klassane har med sykklar og sykklar rundt dalen.

Seinare kjem også politiet innom og gjev gode råd og på programmet står også ein quiz. Midtvegs på trafikkdagen verkar det som om dette vert ein vellukka dag. Over blir fylkesvegen kryssa slik han skal kryssast og under er sjetteklassingane klare til å sykla rundt dalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

